
Fra: evy.knutsen@bkkfiber.no [<mailto:evy.knutsen@bkkfiber.no>]

Sendt: mandag 26. november 2018 13:24

Til: Evy Knutsen

Kopi: oddvar.gald@gmail.com

Emne: Meland Musikklag tilbyr annonseplass

SPONSOR NYTTÅRSKONSERT 9.JANUAR 2019



Den 9. januar 2019 vil Meland Musikklag saman med Sjøforsvarets Musikkorps arrangera nyttårskonsert i Knarvik kyrkje.

Konserten har gjennom fleire år vore eit populært fast innslag som enkelte år har fylt lokalet til siste sete.

Som tidlegare år ønskjer Meland Musikklag å visa fram unge musikarar frå distriktet. I år har vi fått med oss Solveig Myksvoll Gilborne på 21 år som songsolist.

Solveig Myksvoll Gilborne bur på Myksvoll og ho elsker å synge. Ho har vore elev ved Lindås Kulturskule og gått i songlære hos Kjersti Wiik i 10 år. I tillegg går ho på skule og har jobb ved sida av.



Sjøforsvarets Musikkorps er eit profesjonelt orkester som er godt kjend for musikkinteresserte på Vestlandet.

Dei har med seg trompetisten Ole Edvard Antonsen. Han er internasjonalt kjent og mykje nytta som solist og har gitt ut fleire plater, han er og utnemnt til kommandør av St. Olavs Orden.



Vi håper at dykkar firma ønskjer å vera med og støtta dette arrangementet, og kan tilby annonseplass med firmalogo ved annonseringa av konserten i lokalavisa Strilen. Annonsen er ei heilside der ein-spalter logo kostar kr 500,- og to-spalter logo kr 1 000,-.

De vil òg få namnet dykkar (ikkje logo) trykt på programmet.

Ta kontakt med underteikna så snart som mogeleg dersom de ønskjer å kjøpa annonseplass. (Helst på mail der de sender ved firma-logo og fakturaadresse)

Med venleg helsing

Meland Musikklag

v/Evy Utne Knutsen

Tlf. 48 15 41 96

e-post: evy.knutsen@bkkfiber.no